

Emne nr. 63

MAKINNA

1. Har dei i Dykkar bygd hatt eit turkehus som dei kalla ei makinn', makjinn', makjen eller lignende?
2. Er det gardar i bygda som ennå har makinne ståande, og kva for gardar er det i tilfelle? Dersom ikkje, når vart då den siste makinna riven, og kvar stod den? Er det tradisjon om når den siste makinna i bygda vart sett opp?
3. Skulle det etter gamalt vera ei makinne på kvar garden, eller fanst den berre på nokre gardar? Dersom det siste er tilfelle, var det då slik at den berre fanst på større gardar, men ikkje på mindre; eller var det så at gardar med gamal hussetnad hadde makinne, medan dei som i så måte var yngre, ikkje hadde det?
4. Var makinna sams for heile den mangbølte garden, eller hadde kvart bruk si makinne? Var det vanleg at dei som flytte ut frå det mangbølte tunet etter dei eldste utskiftingane (1850-70 åra), bygde seg makinne på den nye staden?
5. Dersom fleire hadde makinne saman, var det då faste reglar for bruken, eller retta dei seg etter kvarandre som best dei kunne?
6. Korleis greidde dei seg, dei som ikkje hadde makinne?
7. Er det kjent at nokon i bygda har nytta makinna til å bada i? Når vart det i tilfelle slutt med dette?
8. Har det vore vanleg å turka korn i makinna?
9. Har dei turka andre ting der, t.d. malt, lin, ull, materiaaler?
10. Er det kjent at dei nytta makinna når dei skulle reinska klede og skinnfellar for uty? Kva kalla dei dette (døya kleda)?
11. Dersom dei hadde eit anna hus til å turka korn i, kva vart då makinna nytta til?
12. Kor stor var makinna til vanleg (lengd, breidd, høgd)?
13. Korleis var ho bygd (reisverk, tømmer eller stein)?
14. Korleis var ho tekt?
15. Kva slag golv var det i makinna, jord eller stein?
16. Kvar var døra i makinna?

17. Var det vanleg at dei hadde ein skut (sval) i eine enden av makinna? Var det vegger på den, eller var den open? Kor djup var den? Var det tregolv i skuten? Kva heitte den? Kva vart den nytta til?
18. Var det røykglugg i makinna og kvar stod den? Kva heitte den, og kva brukte dei å tette den med?
19. Kva slag omn hadde dei i makinna?
20. Kvar stod omnen?
21. Kor stor var den?
22. Kva var den bygd av, og korleis var den bygd? Var veggene i omnen heilt tette? Var det røyk-kanal i omnen?
23. Turka dei kornet på hjellar, og kva heitte dei (ein bell, bel)?
24. Kvar stod desse hjellane, kor breie var dei, kva var dei bygd av, korleis var dei fest til veggen?
25. Kor lenge elda dei i makinna før den var varm nok til kornturking, linturking og døying?
26. Kor lenge varde det før kornet var turt nok? Enn linet?
27. Kor mykje korn kunne dei turka vanleg i ei vende? Kva kalla dei den kornmengda som dei turka på ein gong (ei turka)?
28. Kunne dei turka fleire vender (turker) med same eldinga, fyrte dei opp kvar gong dei la inn nytt rått korn eller måtte dei fyra opp flerire gonger før kornet vart turt?
29. Kor tjukt var det laget med korn som dei la på hjellen? La dei tjukt eller tunt etter som dei ville ha kornet snøgt ferdig eller ikkje? Var det i så måte skilnad på dei ymse kornslag?
30. Var dei inne og rørde i kornet av og til medan det turka? Kva gjorde dei dette med?
31. Kva slag ved brukte dei i makinna, og kva kalla dei den?
32. Har dei baka brød i makinne-omnen? Vart det gjort i sers tilfelle (til høgtider eller gjestebod)? Kva kalla dei brødet dei baka der (omnsbrød)?

-----